

Lindås kommune  
v/vegavdelinga  
Kvernhusmyrane 20  
5914 Isdalstø

### **SØKNAD OM DISPENSASJON f\_P1- Informasjon**

Vi har ønske om å setje opp carport på parkeringsplass f\_P1 i Kubbaleitet Reiguleringsplan. Vi har vore i møte med byggesaksavdelinga 25.10.2018, dei har konkludert med følgjande jf. Referat frå møte datert 29.10.2019 (ref: 18/3045- 18/31946):

*Carportar vil ikkje vere i strid med arealføremålet, men planen legg ikkje opp til overdekka parkeringsplassar. Planen manglar td. byggegrense langs o V3 slik at plassering nærare vegmidte enn 15 meter krev dispensasjon frå veglova. Det er teknisk drift som handsamar dispensasjonssøknad i høve veglova. Ein vil måtte avklare spørsmål knytt til avstandskrav med vegavdelinga når ein har plan for plassering.*


Jf. Vedlagte dokument søker vi om dispensasjon frå Veglova for oppføring av Carport i føremålsgrensa.

Nabovarsel.

Vi har nabovarsla tiltaket ovanfor dei næraste/berørte naboar til parkeringsplassen gbnr 137/534,533,532 og 725. Det er ikkje kome inn merknader til tiltaket innan fristen 18.12.2018.

Ta gjerne kontakt med underteikna om noko er uklart.

Gjervik, 20.12.2018



Kjell Reigstad

Sommerro Panorama as